



HORDALAND

i nær fortid



Det Norske Samlaget



Jørgen Thunold, Sara Anfinsen og Konrad O. Knapskog var mellom dei mange ungdomane som ville gå skulevegen, men måtte skrinleggja planane. Grunnen kunne vera pengemangel eller plikter dei hadde andsynes foreldra.

JØRGEN THUNOLD, Kvinnherad:

Så var eg konfirmert og den vidare livsferda skulle planleggjast. Hausten 1924 bar det til Sunnhordland Folkehøgskule på Halsnøy. Dette var mi første lengre ferd bort frå heimen, og eg var spent, sjølv om det ikkje var så lange turen ut til Halsnøy. Skulevinteren var gild den, og det var mykje å læra. Eg fekk nye vener, og sume av dei har eg halde sambandet med like til no. Serleg minnest eg dåverande stortingsmann og seinare skuledirektør Knut Markhus sine timar i historie og samfunnslære. Han hadde timar på skulen førejulsvinteren, før han reiste til ny stortingssesjon, som den gongen tok til over nyttår.

Så var det tanken at eg skulle reisa til landsgymnaset på Voss. Eg fekk plass der, men økonomien hindra at eg kom i veg. Det var ikkje lett å reisa

Bygdene

pengar til slikt den gongen, store stipend var det heller ikkje å lita på, så eg laut gjeva opp den skulegangen. Såleis var det med mange bygdeungdomar. No var det økonomisk vanskelege tider som sette inn, og dei vart verre for kvart året.